

Nye musikarar i skulemusikken...

29.05.2012



Desse 7 har sikra seg ein hobby dei kan ha mykje glede av i mange år. i

Den positive og tolmodige oppbygginga av skulemusikken er kome eit viktig steg vidare. Første øvinga etter 17.mai var aspirantane klare for å byrja i korpset. Dermed fekk skulemusikken raskt 7 nye ivrige musikantar. I kveld var dei på si andre øving med korpset.

Dei 7 er: Simon Taranger, Silje Soldal, Ella Karina Hjønnevåg, Nils Rainer Vågen, Jostein Soldal, Tørres Myklebust Lekva og Vidar K. Eidsvik. Med desse er medlemstalet i skulemusikken pr. i dag 24. På øvinga i dag opplevde vi som vanleg positiv og god stemning. Dirigent Tor Skeie Olsen har tydelegvis eit svært godt grep om det som skjer, og alle er svært tilfreds med at det for lengst er klart at han går på ein ny sesong med korpset. Det vert 3. året hans med dirigentpinnen i skulemusikken.

Elles nemner vi at i naborommet sat styret engasjert opptatt i møte. På saklista stod både kjekk avslutning før sommarferien og oppstarten av neste sesong. Dei kunne fornøgde melda om at samlede musikarar hadde meldt at dei skulle vera med til Karmøy Brassfestival i september. Der har dei unge musikarane verkeleg noko å sjå fram til!!

Av: Thor Inge Døssland